



Lennie B. Stensletten har etablert firma til hjelp for andre.

I sommar registrerte Lennie Bermillo Stensletten enkeltpersonsføretaket Personlig Hjemmeservice. Dette vil verta eit godt tilbod til dei som treng rimeleg hjelp med ulike oppgåver i heimen. Lennie seier dette om etableringa:
- Eg ønskjer å skaffa meg ein jobb, og i tillegg vera til hjelp og nytte for folk som treng det.

Lennie Bermillo Stensletten er opprinneleg frå Filippinene, men ho har snart budd 10 år i Uskedalen der ho er gift med Bjørne Stensletten. Då ho treffe mannen sin, jobba ho med husarbeid som aupair i Hong Kong. Etter at ho flytta til Norge, lærte ho seg norsk kjapt, og ho beherskar no språket svært godt både munnleg og skriftleg.

Trass i dette har det vore vanskeleg for ho å skaffa seg ein fast jobb, men ho har fått erfaring frå arbeid både i barnehage, i SFO og som assistent i skulen. Ho har også teke butikkmedarbeidarkurs med tilhøyrande praksis hos Kid interiør.

- Eg likar å jobba fysisk og hjelpa andre, seier den smilande og vennlege dama. Derfor etablerer eg no firmaet, og håpar eg får mange oppdrag.

Ho fortel vidare at ho vil tilby ulike tenester. Profesjonelt reinhald for private og firma som treng vask av bustad, kontor eller butikk er ein ting. Elles kan ho hjelpa til med transport og følge ved m.a. handling og legebesøk for dei som treng det. Hagearbeid er ein annan ting ho kan hjelpa med. Ho ønskjer både faste kundar og enkeltoppdrag.

- Prisen skal vera slik at kundane er fornøgde. For meg er det også viktig å vera til hjelp, seier Lennie. Det er tydeleg at ho har omsut for andre og er hjelpsom slik vi kjenner folk frå moderlandet hennar.

Ho har også planar om å arrangera gruppeturar for t.d. pensjonistar på sikt. Det kan vera turar i Europa, innanlands og lokalt.

Ho fortel vidare at ho har avtale med Ann Kristin Vangen Olsen om papirarbeidet. Ho vil også hjelpa til om det vert mykje å gjera. Elles røpar ho at ho ikkje er heilt fornøgd med firmanamnet, men inntil vidare heiter det

Personlig Hjemmeservice. Telefonnummeret er 939 32 406, og email er personlig.hjemme.sevice@gmail.com.

Ein ting som forundrar meg, er at ikkje baking er blant tenestene til firmaet, for under samtalen har eg blitt servert nokre fortreffelege kanelbollar til kaffien! Ein ting er i alle fall sikkert. På Personleg Hjemmeservice får ein hjelp av ei flink, smilande og hjelpsam dame.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.